

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 10.03.2022
SAKSHANDSAMAR: Baard-Christian Schem
SAKA GJELD: **Fagleg rapport - Forsking i Helse Vest 2021**

ARKIVSAK: 2022/301
STYRESAK: **033/22**

STYREMØTE: **23.03. 2022**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek rapporten «Faglig rapportering 2021» til etterretning.

Oppsummering

Fagleg rapport 2021 er den årlege rapporten frå Regionalt samarbeidsorgan for forskning og innovasjon, og omhandlar forskingsprosjekt som har fått tildeling frå Helse Vest sine øyremerkte forskingsmidlar. Rapporten er utarbeidd av Regionalt kompetansesenter for klinisk forskning som er sekretariat for samarbeidsorganet. Rapport for 2021 er den 19. i rekka, og rapportane er tilgjengeleg frå Helse Vest si nettside om forskning. Rapporten blir med dette framlagt for styret i Helse Vest RHF.

Fakta

Fagleg rapport 2021 tar utgangspunkt i data frå 288 prosjekt med finansiering frå Helse Vest. Bidraga som inngår i rapporten blir samla inn gjennom RHF-a sitt felles elektroniske rapporteringssystem (eRapport). Deler av Helse Vest sine forskingsmidlar går også til ulike insentivordningar, og rapporten gir ein kort omtale av bruken av desse midlane.

Fagleg rapport 2021 tener fleire formål:

- 1) Den inngår som del av rapporteringsplikta til sentrale styresmakter.
- 2) Data frå rapporteringa er eit av grunnlaga for vidare arbeid med forskings- og innovasjonsstrategien til Regionalt samarbeidsorgan for forskning og innovasjon. Strategien er tidlegare lagt fram for styret i Helse Vest, (sak 082/19).
- 3) Rapporten er utgangspunkt for vurdering av behov for endringar og oppfølging mellom anna ut frå krav frå styresmaktene. Også for 2022 vil regjeringa sin handlingsplan for kliniske studiar vere eit viktig grunnlag for desse vurderingane.
- 4) Forskningsrapportane blir nytta til forskingsformidling, mellom anna gjennom Helse Vest sine nettsider og ved at rapportane er gjort tilgjengeleg for alle gjennom RHF-a sin forskingsportal, <http://forskningsprosjekter.ihelse.net>.
- 5) Bidragsytarane til rapporten får noe tilbake for rapporteringsinnsatsen.

Dei regionale forskingsmidlane har ført til eit nasjonalt samarbeid med utgangspunkt i handteringa av midlane. Søknads- og rapporteringssystema eRapport, eSøknad og eVurdering er utvikla i Helse Vest, og nyttast av alle regionale helseføretak. Samarbeidet RHF-a i mellom har utvikla seg til å bli ein arena der ein utvekslar idear og røynsle utover det som angår sjølve systema. Helse Vest koordinerer arbeidet med ein nasjonal rapport om forskning og innovasjon som blir overlevert til statsråden rundt 1. juni 2022. Data frå eRapport inngår i rapporten. Den nasjonale rapporten vil bli lagt fram for styret i Helse Vest hausten 2022.

Rapporteringa for 2021


Prosjekta har rapportert forskingsproduksjon i form av vitenskaplege artiklar og avlagte doktorgrader. Det er også gitt informasjon om bruk av helseopplysningar, humant biologisk materiale, bruk av forsøksdyr, fagområde, type forskning, involvering av brukarar i forskinga,

kliniske studiar, bruk av registerdata, samarbeid med kommunehelsetenesta, bruk av infrastruktur for presisjonsmedisin, samarbeid med industri og næringsliv, samt rusforskning. Prosjekt som har levert sluttrapport i 2021, er spurt om prosjektet har ført til innovasjonsrealisering.

Frå side 45 i rapporten er alle prosjekta som har rapportert, lista opp. Rapportane er tilgjengeleg på RHF-a sin forskingsportal. Om ein er interessert i eit enkelt prosjekt, er det enklast å søkje på prosjektnummer.

Dei regionale helseføretaka har felles forskingsmidlar som lysast ut gjennom Nasjonalt program for klinisk behandlingforskning i spesialisthelsetenesta (KlinBeForsk). Sida 2016 er det tildelt 820 millionar kroner til 45 prosjekt, og 12 av desse prosjekta er koordinert frå forskingsmiljø i Helse Vest. Figuren under viser deltaking i dei 45 prosjekta frå helseføretak og private, ideelle institusjonar i Helse Vest. (Sjå s. 7-9 i rapporten for meir informasjon).

Figur 1: Deltakelse fra sykehus i Helse Vest - andel av 45 Klinbeforsk-prosjekter




Figuren viser at forskarar i alle helseføretak/private, ideelle institusjonar deltek i eit eller fleire av prosjekta. Mellom anna deltek forskarar i Helse Stavanger i nær halvparten av prosjekta.


Andre nøkkeltal frå årets rapportering

- 83 prosent av prosjekta oppgjer å ha brukarmedverknad, anten i sjølve prosjektet eller i overordna organ som brukarpanel, eller begge delar.
- 74 prosent av tildelte midlar i 2021 gjekk til klinisk forskning. Klinisk forskning omfattar både kliniske behandlingsstudiar og observasjonsstudiar.

- 93 prosent av prosjekta er forskning på menneske eller helseopplysningar som krev godkjenning i samsvar med Helseforskningslova.
- 19 prosent av prosjekta nyttar data frå nasjonale eller sentrale registre.
- 14 prosent av prosjekta har samarbeid med industri og næringsliv, som er ein liten nedgang frå året før.
- 3 prosent av prosjekta har aktivt forskingssamarbeid med kommunehelsetenesta
- 4 prosent av prosjekta omfattar forskning på rus, i hovudsak knytt til samspelet mellom rus og psykiske sjukdom eller rus og somatisk sjukdom.

Figurane under gir ei oversikt over fordelinga av tildelte forskingsmidlar i 2021 på fagområde (helsekategori) og type forskning. For meir informasjon om kva som inngår i kategoriane, sjå rapporten side 39-42.





Grunnlag for figuren om type forskning	Tildelte midlar 2021
1. Underbyggende forskning	13,30 %
2. Årsaksforhold	15,90 %
3. Forebygging	5,00 %
4. Påvisning og diagnose	21,60 %
5. Utvikling av behandling	15,70 %
6. Evaluering av behandling	17,30 %
7. Håndtering av sykdom og tilstander	6,80 %
8. Helsetjenesteforskning	4,20 %

Kommentarar

Samla sett er det ei positiv utvikling av forskning i sjukehusa i vest. Over år har det vore ei auka i klinisk forskning med lik vekt på vitenskapleg kvalitet og nytte for pasientar og helsetenesta. Inkludert i dette er også ei rivande utvikling i brukarmedverknad i forskning.

Det er likevel eit behov for å betre utviklinga ved alle helseføretaka i regionen. For å realisere den nasjonale handlingsplanen for kliniske studiar er det ikkje minst naudsynt å styrke også dei mindre helseføretaka, slik at alle innbyggjarar i regionen får lik tilgang til å delta i kliniske studiar generelt og kliniske behandlingsstudiar spesielt.

Helse Vest har ansvar for nær halvparten av dei nasjonale medisinske kvalitetsregistra i Noreg og har unik kompetansen til å nytta desse i forskning og kvalitetsforbetring. Nasjonale tal viser at Helse Vest er best i klassen når det gjeld å nytte registerdata i forskning finansiert av regionale forskingsmidlar, men det er ønskeleg at data blir nytta i enda høgare grad enn i dag.

Det er venta vekst i forskning innan presisjonsmedisin i åra framover i tråd med auka satsing på infrastruktur for molekylær diagnostikk, både regionalt og nasjonalt. Det er viktig at kompetansen i felt med ei slik rivande utvikling vert delt mellom fagmiljøa i regionen, slik at forskarar og klinikarar blir sett i stand til å utvikle optimalisert pasientbehandling.

Vedlegg:

1. Fagleg rapport 2021

Fagleg rapport for 2021 er den nittande rapporten som er laga i Helse Vest og er tilgjengelig på nett: [Faglig rapport 2021.pdf \(helse-vest.no\)](#).

2. I tillegg rapporterer forskarane årleg på alle forskingsprosjekt som er finansierte, også dei er tilgjengelege på nett: [Forskningsprosjekt og -resultat - Helse Vest RHF \(helse-vest.no\)](#).

